

Til:

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Postboks 5091, Majorstuen

0301 Oslo

Frå:

Grunneigarar med rettigheter i Selselva kraftverk

Saksnummer: 202205918-93

Dato: 27.11.2025

Innleiing

Vi viser til høyringa i sak 202205918-93 Selselva kraftverk – auka slukeevne og regulering av Selsvatnet. Som grunneigarar med rettar i kraftverket og Selsvatnet ønskjer vi å uttrykkje støtte til tiltaket og leggje fram våre hovudargument.

Kvifor vi støttar tiltaket

Vi som representerer majoriteten av grunneigarane med rettar i Selselva kraftverk og i Selsvatnet, og som bur nær både elva og vatnet, ynskjer å løfte fram følgjande hovudargument:

Lokal verdiskaping og samfunnsnytte

Tiltaket vil bidra til auka inntekter frå kraftproduksjon til grunneigarar og kommunen, skape arbeidsplassar i anleggsfasen og sikre stabil energiforsyning og drikkevatt lokalt.

Eigarskap og ressursforvaltning

Fallrettane er eigd av oss grunneigarar, med tidsavgrensa avtalar for å sikre drift og redusere risiko. Kraftproduksjon krev store investeringar og kompetanse, og som andre næringar er energisektoren del av ein global økonomi der norsk og internasjonal kapital bidreg. Samtidig skapar kraftverket lokal verdiskaping – til grunneigarar, kommunen, entreprenørar og næringsliv – og leverer fornybar energi som er ein samfunnskritisk ressurs for trygg energiforsyning og utvikling.

Avgrensa inngrep og låg synlegheit

Tiltaket inneber ingen nye areal under vatn, damhøgda blir redusert, og det blir ingen døgnregulering. Kraftverket er i dag lite synleg i landskapet, og dette vil også vere tilfelle med den planlagde demninga. Selsvatnet er elles lite tilgjengeleg og sjeldan besøkt, noko som reduserer potensielle ulemper for friluftsliv, særleg med ein landskapstilpassa og redusert dam.

Miljø

Slik vi ser det vil etablering av dammen innebære eit avgrensa inngrep utan vesentlege miljøkonsekvensar, i tråd med nasjonale mål om fornybar energi og effektiv utnytting av eksisterande kraftverk. Vi antek at omfattande tilrettelegging for turisme og hytteutbygging medfører større påverknad på leveområde for sårbare artar som til dømes villrein og ørn, som vi ser det har kome enkelte innspel om, enn ein mindre demning med passiv regulering.

Robustheit mot klimaendringar

Tiltaket vil bidra til å dempe flaumtoppar og redusere erosjon i elva – ein viktig klimatilpassing for oss som bur langs elva og for å møte framtidige klimautfordringar. Samtidig gir tiltaket meir fornybar energi, noko som støttar den grønne omstillinga.

Vi vil understreke at dette gjeld eit eksisterande kraftverk, der tiltaket er avgrensa og har som mål å optimalisere dagens drift og er tenkt etablert i nærleiken av den eksisterande inntaksdammen i fjellet, utan etablering av tilkomsveg. Det er allereie lagt ned betydelege ressursar for å optimalisere tiltaket i konsesjonsprosessen, særleg etter den første høyringsrunden – noko som viser at innspel frå ulike partar er tekne på alvor.

Selselva kraftverk

Vi er stolte av kraftverket vårt og av dei lokale rettane vi har som grunneigarar – eit prinsipp med røter heilt tilbake til Magnus Lagabøtes landslov frå 1274. Samtidig bidreg vi til energiforsyning og drikkevatt lokalt, noko som er avgjerande for både hushald og næringsliv.

Vi ønskjer å vere tydelege: Tiltaket byggjer på eksisterande infrastruktur og er vurdert som teknisk og økonomisk gjennomførbart, med minimale konsekvensar for natur og omgjevnader. Kraftproduksjon er ikkje berre ein lokal ressurs – det er ein samfunnskritisk funksjon som bidreg til stabilitet i energisystemet og støttar omstillinga til meir fornybar energi.

Avslutning

Vi vonar at NVE vurderer dei samla fordelane tiltaket gir for energisystemet, lokalsamfunnet og berekraft. Avgjerda bør byggje på ei heilskapleg vurdering av både miljøomsyn og behovet for trygg, fornybar energi. Vi er opne for vidare dialog med alle partar for å sikre gode løysingar. Tiltaket representerer eit ansvarleg og framtidsretta steg for å optimalisere eksisterande infrastruktur, styrke lokal verdiskaping og bidra til den grønne omstillinga.

Med venleg helsing

Grunneigarar med rettigheter i Selselva kraft AS